

MIDSUND KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

06.12.2016

Kopi til: Ordføraren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I MIDSUND KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**onsdag, den 14.12.2016 kl. 17.15 på
Midsund kommunehus**

SAKLISTE:

- Sak 10/16 - Godkjenning av møtebok frå møte 20.04.2016
- « 11/16 - Plan for selskapskontroll i Midsund kommune
- « 12/16 - Plan for forvaltningsrevisjon i Midsund kommune (Med etterhald)
- « 13/16 - Kontrollutval/sekretariat, revisjon og kommunestrukturreformen
- « 14/16 - Gjennomgang av tilsynsrapport barnehage
- « 15/16 - Gjennomgang av tilsynsrapport Midsund skule
- « 16/16 - Gjennomgang av tilsynsrapport helse- og omsorgstenesten, B-sak
- 17/16 - Eigenvurdering av uavhengigheit frå revisor
- Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post harald.rogne@skiks.no.

Robin Sørlie
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
MIDSUND KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 20. april 2016, kl. 17.15

Møtestad: Midsund kommunehus

Møtet vart leia av: Robin Mikal Sørliie

Elles til stades:

Kåre Bjørnerem og Tone Uran Opstad

= 3 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Midsund kommune møtte rådmann Kjetil Ugelvik og Økonomisjef Arild Sjøvik.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

SAK 07/16

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 17. FEBRUAR 2016

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 17. februar 2016 blir godkjent.

SAK 08/16

ÅRSMELDING 2015 – MIDSUND KOMMUNE

Innstilling datert 11.04.2016 frå kontrollutvalsekretariatet:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2015 for Midsund kommune til orientering:

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek årsmelding 2015 for Midsund kommune til orientering.

2. Kontrollutvalet vil forøvrig uttrykke bekymring for ein situasjon med vakanse i stillingar med dei utfordringane det kan gi når det gjeld kvaliteten på tenestetilbodet i kommunen.

SAK 09/16

KOMMUNEREKNESKAPEN 2015 – MIDSUND KOMMUNE

Innstilling datert 11.04.2016 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

Midsund kommune sin rekneskap for 2015 blir godkjent.

Robin Mikal Sørlie
leiar
(sign)

Kåre Bjørnerem
nestleiar
(sign)

Tone Uran Opstad
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Midsund kommune

Dato: 06.12.2016

**SAK 11/16
PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL I MIDSUND KOMMUNE**

OM SELSKAPSKONTROLL

Det første underbegrepet innan selskapskontroll er ”eigarskapskontroll”. Det er definert i kontrollutvalfsforskrifta § 14 første ledd andre leddsetning: ”... kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll).” Denne kontrollforma er ikkje djuptgåande og gjeld eigentleg ikkje selskapet, men derimot utøvinga av eigarstyringa. Denne oppgåva kan gjerast av kontrollutvalsekretariatet eller revisjonen.

Det andre underomgrepet er ”forvaltningsrevisjon av selskap”. Det er omtalt i kontrollutvalfsforskrifta § 14 andre ledd. Dette er ein djuptgående kontroll av selskapet og ettersom denne er definert som revisjon, kan den berre utførast av revisjonen. Forskrifta viser her til definisjonen av forvaltningsrevisjon i revisjonsforskrifta § 7.

Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon kan seiast å markere to ytterpunkt i selskapskontrollen, på den eine sida kontroll av utøvinga av eigarstyringa, på den andre kontroll av måloppnåing, ressursbruk og liknande i selskapet. Mellom desse ytterpunktene kan det ligge kontrollar av selskap som kombinerer element frå dei to kontrollformene.

1.1 KONTROLL SOM SELSKAPSORGANA SJØLVE ER ANSVARLEGE FOR

Rekneskaptil aksjeselskap og interkommunale selskap blir revidert av selskapa sin revisor. Her ligg det ein vesentleg kontroll. Revisjonsmeldinga er retta til generalforsamlinga, der representantane for eigarane sit. Andre element i kontrollen internt i selskapet vil vere internkontrollen til dagleg leiar, kontrollen til styret og ein eventuell internrevisjon.

1.2 KVA ER SELSKAPSKONTROLL

I tillegg til den kontrollen som selskapa sjølve driv, er kommunane pålagt å drive kontroll overfor selskapa sine. Selskapskontroll går ut på å vurdere i kva grad kommunen si eigarstyring og verksemda i selskapa er i tråd med vedtekten til selskapet og med vedtaka og føresetnadene til kommunestyret.

Selskapskontroll er ei obligatorisk oppgåve for kontrollutvalet, jf. kommunelova § 77 nr. 5: "Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m." Ein reiskap i selskapskontrollen er det vide innsynet som kommunelova § 80 gir for kontrollutvalet og revisor i kommunalt eigde selskap.

Selskapskontrollen er ei lovfesta kontrollform som samspelar med eigarstyringa elles. Kontrollutvalet har gjennom selskapskontrollen ei sentral rolle overfor kommunen sine aktivitetar som eigar. Utanom selskapskontrollen er eigarrolla i liten grad regulert i lov eller forskrift. Det er derfor opp til kommunane og kommunesektoren sjølv å finne fram til gode måtar å handtere eigarskapen på.

Hovudbegrepet er selskapskontroll, og det dreier seg altså om kontroll med forvaltninga av dei interessene kommunen har i selskap. Definisjonen er den same som i staten, jf. lov om Riksrevisjonen § 9 andre ledd. Selskapskontroll kan romme ulike kontollar.

Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon er i utgangspunktet kontrollformer som kan nyttast overfor alle selskap kommunen er medeigar i. Innsynsretten etter kommunelova § 80 er avgrensa til interkommunale selskap og aksjeselskap som er fullt ut eigd av kommunar og fylkeskommunar. I den grad innsyn er nødvendig for å gjennomføre eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon, til dømes om ein treng informasjon som ikkje er tilgjengeleg i offentlege kjelder, vil ein måtte avgrense kontrollen til selskap som fullt ut er eigd av kommunar og fylkeskommunar. Kommunelova § 80 gir kommunane innsyn i selskap, men heimlar ikkje i seg sjølv kontroll.

Kontrollutvala har vide fullmakter til å kontrollere selskap som kommunen eig. Reglane om selskapskontroll kom i 2004, og dette er dermed framleis ei relativ ung kontrollform. Selskapskontrollen er obligatorisk ved at kontrollutvalet skal sjå til at slik kontroll blir gjennomført og lage ein plan. Det er likevel valfritt om selskapskontrollen skal omfatte forvaltningsrevisjon.

1.3 ORGANISERING SOM RISIKOFAKTOR

KS har henta inn *Kommunal selskapsstatistikk* i 2009 (Telemarkforsking), som viser at kommunane og fylkeskommunane eig 2600 selskap. Om lag 75 prosent av dei er aksjeselskap. Selskapa har ei omsetning på om lag 100 milliardar kroner. Verdiane dei forvaltar er vanskelegare å anslå, men *Kommunal selskapsstatistikk* ser for seg om lag 300 milliardar kroner. Selskapa har over 50 000 tilsette.

Kontrolldimensjonen bør bli vurdert når kommunen organiserer verksemda si. Generelt bør kommunestyra vere merksame på fordelane og ulempene med dei ulike organisasjonsformene kommunane kan velje blant. Dersom kommunen vurderer å stifte eit kommunalt føretak, bør

kommunestyret vere merksam på at verksemda i føretaket etter gjeldande reglar ikkje er omfatta av internkontrollansvaret til administrasjonssjefen sjølv om føretaket er ein del av kommunen. Dersom kommunen vurderer å lage ei stifting, bør kommunestyret vere merksam på at kommunen ikkje eig stiftinga og kan ikkje endre føremålet med stiftinga og har ikkje innsynsrett i stiftinga etter kommunelova § 80.

Samansettinga av styret er viktig i kontrollsamanheng. Endringane i habilitetsreglane frå november 2011 er meint å skape auka rolleklarleik. Endringane går ut på at leiarar og styremedlem i kommunalt eigde selskap blir inhabile når selskapet er part i ei sak som blir behandla i kommunen, sjá nærmare om dette i Ot.prp. nr. 50 (2008-2009).

1.4 EIGARSKAPEN MÅ HA EIT FØREMÅL

Det er ein føresetnad for god kontroll med kommunalt eigde selskap at kommunestyret veit kvifor kommunen eig selskapet. Her er mange kommunar på god veg, mellom anna gjennom tilrådingane frå KS Eigarforum. Av Ot. Prop. Nr. 70 (2002-2003) går mellom anna følgjande fram:

For kommunestyret som øverste ansvarlige organ i kommunen vil det også være viktig hele tiden å vurdere om de organisasjonsformer som kommunen har valgt for sin virksomhet, er egnet til å fremme de mål og verdier for kommunens virksomhet som kommunestyret mener er viktige.

Dersom kommunen vel å etablere eit føretak eller eit selskap, må det definerast eit føremål med eigarskapen – både for at selskapa skal kunne skape resultat for innbyggjarane, for at kommunestyra kan drive god eigarstyring, og for at kontrollutvalet skal kunne drive tenleg og naudsynt kontroll. For å halde tritt med utviklinga i selskapa og omgivnadene deira bør kommunestyret behandle eigarskapsmeldingar og strategiar for alle selskap og føretak minst ein gong i kvar periode.

1.5 SAMORDNING AV KONTROLLEN I SELSKAP MED FLEIRE KOMMUNAR SOM EIGARAR

I kommunesektoren er det vanleg med interkommunalt samarbeid gjennom selskap som kommunane eig saman. Interkommunale selskap er ei selskapsform som er utforma særskilt for slik verksemd som kommunane samarbeider om, men aksjeselskap som er eigd av fleire kommunar, er også vanleg.

Reglane for selskapskontroll gir kvar eigarkommune store muligheter til å føre kontroll, men har ikkje føresegner om samordning av felles kontrollaktivitetar. I og med at selskapskontroll er krevjande, også økonomisk, kan fråver av samordning bli fråver av kontroll. Dette gjeld særleg for selskapskontroll med forvaltningsrevisjon, som krev fleire timer enn annan selskapskontroll. Fråver av samordning av kontroll av selskapet kan òg innebere sløsing med ressursar dersom dei same tilhøva nyleg er kontrollerte i ein annan selskapskontroll. Det bør vere ein dialog om korleis ein skal drive selskapskontrollen med selskap der fleire kommunar er eigarar. Dette bør vere eit tema allereie når slike selskap blir stifta. Ei løysing er at vedtekten for selskapet seier kven av eigarkommunane som skal

ha eit overorda ansvar for å samordne selskapskontrollen gjennom kontrollutvalet sitt. Ei anna løysing er å skrive inn samordning i ein selskapsavtale mellom dei deltagande kommunane. Dette vil sjølvsgått ikkje avgrense dei moglegheitene som dei andre eigarkommunane har til å drive selskapskontroll, men det kan gjere det tydeleg kven som har ansvaret for å ta initiativ til å setje i gang selskapskontroll. Tilsynsansvaret omfattar ikkje verksemder som går føre seg i ein annan kommune.

Kontrollutvalet i vertskommunen vil ha ansvaret for å føre løpende tilsyn med verksemda i (verts)kommunen etter dei vanlege reglane. At delar av verksemda dreier seg om saker der mynde er delegert frå andre kommunar, bør ikkje endre på dette. Ettersom kontrollutvalet etter lova utøver tilsynet sitt på vegne av kommunestyret, oppstår det likevel eit spørsmål i samband med det formelle ansvarsområdet til kontrollutvalet. Kommunestyret i vertskommunen har til ein viss grad ikkje høve til å gi instruksar i saker som er delegerte frå andre kommunar. Formelt ville derfor myndigheita til kontrollutvalet vere tilsvarende avgrensa, sidan det får myndet si frå kommunestyret.

Kontrollutvala bør få den informasjonen om selskapet som dei treng for å planlegge selskapskontrollen. Sekretariata har eit ansvar her. Kommunestyret kan etter kommunelova § 80 andre ledd fastsetje føresegner om kva dokument selskapet skal sende til kontrollutvalet og revisor. Det er òg viktig at selskapet sjølve følgjer regelen i kommunelova § 80 tredje ledd:

"Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarende organ."

1.6 SELSKAP MED BÅDE KOMMUNALE OG PRIVATE EIGARAR

Selskap der det også er private eigarar med, skaper større utfordringar i eit kontrollperspektiv fordi kommunen ikkje har same retten til innsyn som elles. Det vil vere opp til kommunane å syte for at kontrollfunksjonen blir sikra under etableringa av slike selskap.

Kommunane bør utforme gode eigarstrategiar før dei deltek i selskap der private er medeigarar. Kommunen bør vidare vurdere å krevje innsyn slik at kontrollutvalet kan gjennomføre selskapskontroll og forvaltningsrevisjon av selskapet ut frå kommunen sine interesser.

1.7 KONTROLL MED VERTSKOMMUNESAMARBEID

Ansvarsområdet til kontrollutvalet vil i utgangspunktet ikkje bli endra når kommunen blir med i eit vertskommunesamarbeid. Kontrollutvalet har ansvar for å utøve det løpende tilsynet med verksemda til kommunen på vegne av kommunestyret. Tilsynsansvaret omfattar ikkje verksemder som går føre seg i ein annan kommune.

Kontrollutvalet i vertskommunen vil ha ansvaret for å føre løpende tilsyn med verksemda i vertskommunen etter dei vanlege reglane. At delar av verksemda dreier seg om saker der

mynde er delegert frå andre kommunar, bør ikkje endre på dette. Ettersom kontrollutvalet etter lova utøver tilsynet sitt på vegne av kommunestyret oppstår det likevel eit spørsmål i samband med det formelle ansvarsområdet til kontrollutvalet. Kommunestyret i vertskommunen har til ein viss grad ikkje høve til å gi instruksar i saker som er delegert frå andre kommunar. Formelt vil derfor myndet til kontrollutvalet vere tilsvarende avgrensa, sidan det får myndet sitt frå kommunestyret. Departementet legg likevel til grunn at dette ikkje vil innebere at myndet til kontrollutvalet i vertskommunen nødvendigvis må avgrensast tilsvarende. Kontrollutvalet skal i alle høve ikkje overprøve den politiske sida av vedtaka eller kor tenlege ulike vedtak er. Kontrollutvalet vil konsentrere seg om at lover, reglar og avtalar blir følgde. Dette ansvaret vil kontrollutvalet i vertskommunen kunne ha sjølv om kommunestyret i vertskommunen vil ha avgrensa mynde i saker som kjem frå andre kommunar. For å slå fast dette er det teke inn ei føresegn om dette i kommunelova § 28j.

Det kan vidare vere behov for at kontrollutvala i samarbeidskommunane får informasjon om vedtak i vertskommunen etter delegert myndighet. I samarbeidsavtalen skal det takast inn føresegner om informasjon frå vertskommunen til kvar einskild samarbeidskommune. Kontrollutvalet i samarbeidskommunane vil ha rett til den same informasjonen som den kommunen sjølv får. Kontrollutvalet i samarbeidskommunen vil ha tilgang til all dokumentasjon og all informasjon som samarbeidskommunen får.

Det er ikkje gitt spesielle reglar om revisjon for vertskommunesamarbeid. Det å inngå vertskommunesamarbeid inneber ikkje behov for endringar i regelverket om rekneskap for kvar einskild kommune. Revisjon av rekneskapa i dei aktuelle kommunane kan gjennomførast etter dei vanlege reglane.

Når det gjeld forvaltningsrevisjon, kan det likevel vere tenleg at det blir etablert kontakt om samarbeid mellom deltakarkommunane dersom det skal gjennomførast forvaltningsrevisjon av sjølve vertskommunesamarbeidet.

1.8 OMFANGET AV INNSYNSRETEN

Kommunelova § 80 seier ikkje noko om selskapskontroll med samarbeid etter kommunelova § 27. Kommunen har uavkorta innsyn så lenge samarbeidet ikkje er eige rettssubjekt. Heimelen i kommunelova § 27 blir framleis nytta til ulike type verksemder som er sjølvstendige rettssubjekt. Kommunelova § 80 gir heller ikkje rett til innsyn i stiftingar som kommunen har teke initiativ til eller er knytt til på annan måte, til dømes gjennom rett til å velje styremedlemmer.

KRAV TIL SELSKAPSKONTROLLEN

Ein selskapskontroll må bygge på ei overordna analyse som igjen bygg på risiko- og vesentlegheitsvurderingar. Ei overordna analyse som skal vere overordna skal ikkje krevje store ressursar å få til.

Det bør det skaffast oversikt over:

- Kva bedrifter kommunen eig
- Korleis kommunen forvaltar eigarskapen i sine bedrifter
- Kor vesentleg er det enkelte selskap
- Kva for risiko er knytt til eigarskapen
- Kva selskap er aktuelle for kontroll

Når det gjeld vesentlegheit vil størrelsen på selskapa ha betydning. Men dersom kommunane ikkje har uttrykt tydelege mål med å eige så er det også vanskeleg å vurdere om måla er nådd og konsekvensane av at måla ikkje blir oppnådd. Måla skal gå fram av eigarskapsmeldingane. Midsund kommune har ikkje utarbeidd eigarskapsmelding.

Kontrollutvalsekretariatet er på noverande tidspunkt ikkje kjent med spesiell risiko i selskapa. Er risikoen i eit selskap vurdert som stor, kan det være aktuelt med ein forvalningsrevisjon. Uansett er forvalningsrevisjon eit unntakstilfelle og er særskilt ressurskrevjande. Det er pr. i dag i gang ein forvalningsrevisjon i eit av selskapa. Mandatet skriv seg frå førre periode.

Å ha selskapskontroll i alle selskapa er ikkje føremålstenleg og ikkje i tråd med krava i forskriftene om at ein skal prioritere ut i frå risiko og vesentlegheit.

I praksis er det i kommunalt heileigde selskap det er mest realistisk med selskapskontroll. Størrelsen på kommunen sitt engasjement vil også være avgjerande. For dei heileigde kommunale selskapa der kommunen er medeigar saman med andre kommunar vil selskapskontrollen eventuelt skje i regi av kontorkommunen.

Det mest naturleg er å konsentrere seg om korleis kommunen følgjer opp dei store selskapa. Eventuell kommunal støtte til selskapa er også av interesse å få kartlagt.

Korleis kommunen forvaltar sitt eigarskap kan reknast som sjølv hovudproblemstillinga i selskapskontroll og det er det spørsmålet eigarskapskontrollen er meint å gi svar på. Ettersom kommunen ikkje har eigarskapsmelding, er det naturleg å avgrense selskapskontrollen til korleis kommunen fører tilsyn med opptrer som eigar.

På bakgrunn av ovanståande blir saka lagt fram for kommunestyret med forslag om slik

innstilling:

1. Det blir utført ein kontroll av korleis kommunen ivaretok sine eigarinteresser, jf. også behovsvurdering for deltaking og eigarskap i selskap som følgje av kommunereformen.
2. Kontrollutvalet oppmodar om at det blir utarbeid eigarskapsmelding for dei selskapa kommunen er medeigar i so snart som råd.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Midsund kommune

Dato: 06.12.2016

**SAK 13/16
KONTROLLUTVAL/SEKRETARIAT, REVISJON OG KOMMUNE -
STRUKTURREFORMEN**

Inndelingslova av 15. juni 2001 nr. 70 og forarbeida til denne Ot.prp. nr. 41 (2000-2001) set dei lovmessige rammene for kommunesamanslåingsprosessen.
Nedanfor vil eg liste opp nokre av dei forholda som er viktig å ha kunnskap om.

Inndelingslova har ikkje heimel til å etablere felles kontrollutval fram til ny kommune er etablert slik at eksisterande kontrollutval fungerer inntil ny kommune er etablert.

Inndelingslova § 25 føreset at fellesmøtet mellom dei aktuelle kommunestyra som fylkesmannen kallar inn til etter at det er gjort vedtak om samanslåing skal drøfte val av revisor for fellesnemnda. Val av revisor skal skje i dei respektive kommunestyra. Vanleg prosedyre er at kontrollutvala i kommunen innstiller i saka.

Fellesnemnda kan få fullmakt til å velje revisor i den nye kommunen. Kontrollutvala i dei samanslåande kommunane skal gi kvar si innstilling.

Når det gjeld folkevald kontroll med verksemda i fellesnemnda, bør den ligge til den enkelte kommune sitt kontrollutval. Dette går fram av Odelstingsproposisjonen nemnt ovanfor under pkt. 8.2.3.

Fellesnemnda kan få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon og kontrollutvalsekretariat. Kontrollutvala skal avgj i saker om val av sekretariatsordning. Til å utgreie ei slik sak bør det nyttast eit settesekretariat.

Kontrollutvala bør etter at vedtak om samanslåing er gjort vurdere å endre fokus frå det å sjå bakover til eit meir «her og no» fokus. Det kan vere aktuelt å be rådmannen om hyppige orienteringar om prosessen. Kontrollutvala bør ha fokus på m.a. internkontroll, interkommunalt samarbeid og eigarstyring.

Eit spørsmål som må bli avklara er kva revisor skal uttale seg om i forhold til fellesnemnda sitt arbeid og kven revisor skal rapportere til. Det er ikkje gitt reglar om rekneskap for fellesnemndene og kva rekneskapen vil omfatte kan truleg variere ut frå korleis nemndene er

organisert. I følgje Odelstingsproposisjon bør den folkevalde kontrollen av fellesnemnda ligge til kvar kommune sitt kontrollutval og kopi av revisor si rapportering bør derfor gå til kontrollutvala.

Når det gjeld forvaltningsrevisjon bør det bli vurdert kva som er mest relevant. Planen bør vere fleksibel og innretta på forhold som skjer i samanslåingsprosessen. Selskapskontrollen bør ha fokus på kvaliteten på kommunane si forvaltning av eigarskap samt behov for framtidig interkommunalt samarbeid.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogn
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Midsund kommune

Dato: 06.12.2016

**SAK 14/16
GJENNOMGANG AV TILSYNSRAPPORT BARNEHAGE**

Som vedlegg følgjer:

- Tilsynsrapport barnehage med svar

Gjerdet barnehage


I ein tilsynsrapport frå Nettverk Nordmøre kjem det fram 2 avvik. Det eine går på størrelsen på bemanning av pedagogisk personale. Det andre avviket går på politiattest for personalet. Ei orientering i møtet om status for avvika er ønskjeleg. Forøvrig viser eg til vedlagte rapport.

I tilfelle nye opplysningar kjem fram i møtet, blir det ikkje lagt fram forslag til vedtak.

Harald Rogne
dagleg leiar

7 NOV 2016
2016/340
2 A10

NETTVERK NORDMØRE



TILSYN MED MIDSUND BARNEHAGE MIDSUND KOMMUNE

Tilsyn med Gjerdet barnehage – Rapport

Vi viser til gjennomført tilsyn med Gjerdet barnehage den 26.05.16
Vedlagt ligger tilsynsrapporten.

Tilsynet er et ledd i det interkommunale tilsyn på Nordmøre.

Tilsynet ble gjennomført som systemrevisjon. Systemrevisjon eller lovligghetskontroll vil si at det ble undersøkt om barnehagen arbeider innenfor lovhemmel i henhold til Lov om barnehager. Tilsynsrapporten viser at det ble funnet 2 avvik under tilsynet.

Med hilsen

Tilsynsleder

Bente Bjerkestrand Olsen

Revisor

Reidun Kamilla Myrstad

Rapporten er utarbeidet etter tilsyn med Gjerdet barnehage 26.05.16

Tilsynet var rettet mot om barnehagen oppfyller lovkrav innenfor tema som var bestemt på forhånd. Rapporten viser eventuelle avvik og merknader som ble avdekket under tilsynet. Rapporten gir derfor ingen fullstendig vurdering av tilstanden.

Tilsynet kontrollerte om barnehagen blir drevet i samsvar med kravene i regelverket. Tilsynet kontrollerte tilsendte dokument og intervjuet ansatte i barnehagen. Det ble undersøkt om rutiner, prosedyrer og instrukser blir fulgt opp i praksis. Rapporten omhandler eventuelle avvik og merknader som er kommet frem under tilsynet.

Regelverk:

Lov om barnehager
Rammeplan for barnehager

Kontaktperson i barnehagen:

Personer som ble intervjuet:

Enhetsleder ; Birgitta Hole
Pedagogisk leder; Aina Hansen
Barnepleier; Tanja Gangstad

Tilsynet omfattet følgende tema:

- § 3 Barns medvirkning
- §18 Barnehagens øvrige personale
- §19 Politiattest

Dokumentgrunnlag:

Dokumentgrunnlaget for tilsynet var:

- Årsplan
- Informasjonsbrosjyre Gjerdet barnehage
- Momentliste
- Eksempler på planer for planleggingsdager og personalmøter
- Vedtekter for de kommunale barnehagene
- Årsmelding til Basil 2015
- Kompetanseplan for barnehagene i Midsund kommune 2014-2017
- Prosjektplan
- Satsningsområder for 20112-2016
- Møteinnkalling fra samarbeidsutvalgsmøter i 2016

- Referat fra foreldremøter 2015
- Bilderefleksjoner
- Praksisfortellinger
- Stemningsrapporter siste barnehageår

Funn :

I forhold til § 3 *Barns rett til medvirkning*, viser personalet god kunnskap om temaet og viser det tydelig i faglige dokumenter. Viser en gjennomførende rød tråd i alle dokumenter som omhandler ansatte og barna. Når det gjelder å omsette teori til praksis var personalet mer utsatt i sin klargjøring. Barnehagen er i gang med arbeidet, men bør jobbe mer for å knytte teorien til praksisfeltet sammen med barna.

Avvik : 2 avvik funnet

1. Avvik

Lov om barnehager § 18. Barnehagens øvrige personale

Pedagogiske ledere må ha utdanning som førskolelærer.

Likeverdig med førskolelærerutdanning er annen treårig pedagogisk utdanning på høgskolenivå med videreutdanning i barnehagepedagogikk.

Kommunen kan gi dispensasjon fra utdanningskravet i første ledd. Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen.

Departementet gir forskrifter om dispensasjon, om godkjenning av yrkeskvalifikasjoner fra utlandet og om unntak fra utdanningskravet for personale som arbeider i barnehagen på nattid.

Bemanningen må være tilstrekkelig til at personalet kan drive en tilfredsstillende pedagogisk virksomhet.

Departementet gir utfyllende forskrifter om pedagogisk bemanning

Forskrift om pedagogisk bemanning § 1. Norm for pedagogisk bemanning

Det skal være minimum én pedagogisk leder per 14-18 barn når barna er over tre år og én pedagogisk leder per 7-9 barn når barna er under tre år og barnas daglige oppholdstid er over seks timer. I barnehager der barna har kortere oppholdstid per dag, kan barnetallet økes noe per pedagogisk leder.

Følgende observasjon ligger til grunn for avviket:

I henhold til tilsendte dokumenter og intervjuer viste barnehagen avvik på pedagogisk bemanning. Det er ikke tilstrekkelig utifra antall barn i barnehagen pr. dags dato. Det mangler 1 årsverk med pedagogisk bemanning.

I sluttmøtet kom det frem fra rådgiver og styrer at de begge var forberedt på dette avviket. Det var ikke søkt om dispensasjon for å innfri kravet om kvalifisert bemanning. De kunne derimot informere om at et barn sluttet i nær fremtid og da mente de at de var i henhold til loven. Viser her til at et 19 barnet på avdeling utløser 2 pedagogressurser. Gjerdet barnehage har 2 baser som har over 18 barn. Begge disse skal i henhold til lov ha 2 pedagogiske ledere ved sin base.

2.avvik

Lov om barnehager,§ 19. Politiattest

Den som skal ansettes fast eller midlertidig i barnehage skal legge frem politiattest som nevnt i politiregisterloven § 39 første ledd.

Barnehageeier og kommunen som barnehagemyndighet kan kreve politiattest som nevnt i første ledd for andre personer som regelmessig oppholder seg i barnehagen eller har vesentlig innflytelse på barnehagens drift.

Personer som er dømt for seksuelle overgrep mot mindreårige er utelukket fra fast eller midlertidig ansettelse i barnehager. I andre tilfeller må konsekvensene av merknader på politiattesten vurderes i det enkelte tilfellet.

Departementet gir nærmere forskrifter om gjennomføring av denne paragrafen.

Forskrift til politiattest§ 3. Krav til attesten

Politiattesten skal ikke være eldre enn tre måneder når den leveres til

Følgende observasjon ligger til grunn for avviket:

I intervju kom det frem at det kan foregå bytte av vikarer mellom de kommunale barnehagene ved behov uten at ny attest blir fremlagt. Enhetsleder understreket at det er sjeldent men at det kan forekomme. Når en vikar har levert politiattest til Gjerdet barnehage blir den registrert der, og kan endre ansettelsesforhold til en annen kommunal barnehage uten å fremvise ny attest.

Det ble gjennomført kontroll om politiattest var eldre enn tre måneder ved opphold av ansettelse i barnehagen. Dette gjelder vikarer som er registrert i barnehagen og kan arbeide i en annen kommunal enhet for så å komme tilbake som vikar i Gjerdet barnehage igjen.

Udir v / Silje Veronika Reinaas viser til forskrift og mener at attest må fremlegges selv om vedkommende har vært ansatt i en annen barnehagen tidligere (bytter barnehage). Dette gjelder bytte av enhet.

Skriftlig tilbakemelding på hvordan barnehagen har fulgt opp anførte avvik og merknader, sendes Midsund kommune v/rådgiver oppvekst Siv Janne Håseth-Eik innen 01.07.2016

Gjennomføring

- Varsel om tilsyn ble sendt 30.03.2016
- Tilsynet ble gjennomført med formøte, intervju og sluttmøte dato 26.05.2016

Navn	Funksjon	Formøte	Intervju	Sluttmøte
Birgitta Hole	Enhetsleder	X	X	X
Aina Hansen	Pedagogisk leder	X	X	X
Tanja Gangstad	Barnepleier	X	X	X
Siv Janne Håseth-Eik	Rådgiver Oppvekst			X

Kopi sendes til ;
Gjerdet barnehage
Industriveien 10
6475 Midsund


Sted og dato: 30.05.2016

Tilsynsleder



Bente Bjerkestrand Olsen

Revisor



Reidun K. Myrstad

Reidun Kamilla Myrstad



Midsund kommune

Gjerdet barnehage

Midsund kommune v/Rådgjevar oppvekst Siv Janne
Håseth-Eik

6475 Midsund

7 NOV 2016
12076/340
A70

Vår ref:
2016/340-1/

Deres ref:

Saksbehandlar:
Birgitta Hole

Arkivkode: Dato
01.07.2016

Tilbakemelding på tilsynsrapport.

Viser til tilsynsrapport av 30. mai 2016 der det vart gjeve 2 avvik.

Avvik 1: § 18 Barnehagens øvrige personale.

Tilsynsrapporten viser til observasjonar for avvik som per i dag ikkje samsvarer med forskrifa. Norma for pedagogisk bemanning omfattar barnehagen totalt, og ikkje avdelingsvis. Eg forheld meg til forskrifta når eg kjem med tilbakemelding.

«Antall barn per pedagogisk leder

Det skal vere minimum en pedagogisk leder per 14-18 barn når barna er over tre år og en pedagogisk leder per 7-9 barn når barna er under tre år. Antallet barn kan variere, men gir eier et maksimalt antall barn hver enkelt pedagogisk leder kan ha ansvar for.

Normen er ikke en norm for gruppestørrelse, men normen skal være oppfylt for barnehagen totalt. Ved utregning av bemanningskravet i denne forskriften er forholdet slik at ett barn under tre år tilsvarer to barn over 3 år.

Begrepet "pedagogisk leder" i forhold til bemanningskravet i denne forskriften stiller kun krav til pedagogisk utdanning og er ikke et krav om at de pedagogiske lederne fungerer i en bestemt stillingskategori.»

Tiltak:

Under tilsynet mangla vi 1 årsverk med pedagogisk leiar, då vi hadde 1 barn for mykje ifht lovkravet. Det vart lukka dagen etter tilsynet, då 1 barn slutta. Gjerdet barnehage skal ha 102 plassar og 78 barn barnehageåret 2016/2017. Kravet er 6 pedagogiske leiarar i Gjerdet barnehage. Vi har 7.2 årsverk barnehagelærarar i Gjerdet barnehage fast, men per i dag har vi 2 i permisjon og 1 årsverk som vert ferdig utdanna i 2017, dvs at vi har 4 årsverk på plass.

Vi har rekrutteringstiltak, annonsert og er i kontakt med Adecco. Vi kjem til å søkje dispensasjon frå utdanningskravet for 1 årsverk fram til januar 2016 og vi er i kontakt med Adecco for å rekruttere i 1 årsverk for barnehageåret 2016/2017.

Postadresse Midsund 6475 Midsund E-post: postmottak@midsund.kommune.no	Besøksadresse Utsidevegen 131 www.midsund.kommune.no	Telefon 71 27 05 00 Telefaks 71 27 05 01	Bank 4202.42.79922 Org.nr 964 981 159
--	--	---	--


Avvik 2: § 3 Politiattest

Tilsynsrapporten viser til at alle må levere politiattest direkte til Gjerdet barnehage, dette gjeld også andre som oppheld seg regelmessig i barnehagen i tillegg til faste tilsette, t.d. vikarar, reinhalarar og personell frå vedlikehaldsavdelinga.

Tiltak:

Alle faste tilsette og vikarar har levert politiattest til Gjerdet barnehage. Frå Tekniske tenester har dei bekrefta at reinhalarane har levert til dei og at personell frå vedlikehaldsavdelinga held på å skaffe seg. Men for å lukke avviket må vi i Gjerdet barnehage innhente frå alle reinhalarar og vedlikehaldspersonell på nytt. Dette vil bli tatt tak i innan utgangen av august ved at eg tek kontakt med Teknisk sjef så han følgjer det opp som deira leiar.

Med helsing



Birgitta Hole
einingsleiar Gjerdet barnehage

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Midsund kommune

Dato: 06.12.2016

**SAK 15/16
GJENNOMGANG AV TILSYNSRAPPORT SKULE**

Som vedlegg følgjer:

- Tilsynsrapport Midsund skule

I ein endeleg tilsynsrapport frå fylkesmannen i 2016 som gjeld Midsund skule kjem følgjande fram som konklusjon:

Midsund kommune – Midsund skule har ikke oppfylt alle krava i regelverket når det gjeld skolebasert vurdering, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1.

Ei orientering i møtet om status på oppfølging er ønskjeleg. Forøvrig viser eg til vedlagte rapport. I tilfelle nye opplysningar kjem fram i møtet, blir det ikkje lagt fram forslag til vedtak.

Harald Rogne
dagleg leiar



FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL

ENDELEG TILSYNSRAPPORT

Skolebasert vurdering

Midsund kommune - Midsund skule

Innhald

Samandrag	3
1. Innleiing	4
2. Om tilsynet med Midsund kommune – Midsund skule	4
2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skolar	4
2.2 Tema for tilsyn.....	4
2.3 Om gjennomføringa av tilsynet	5
3. Skolebasert vurdering.....	5
3.1 Rettsleg krav	5
3.2 Fylkesmannens undersøkingar	7
3.3 Fylkesmannens vurderingar.....	8
3.4 Fylkesmannens konklusjon	10
4. Frist for retting av brot på regelverket	10
5. Kommunen sin frist til å rette	11
Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget	12

1. Innleiing

Fylkesmannen opna 09.03.16 tilsyn med skolebasert vurdering i Midsund kommune. Undersøkingane har vore på skolenivå ved Midsund skule.

Felles nasjonalt tilsyn 2014-17 handlar om skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa og består av tre område for tilsyn: Skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, forvaltningskompetanse og skolebasert vurdering (som denne rapporten handlar om). Utdanningsdirektoratet har utarbeidd rettleiingsmateriell¹ knytt til tilsynet, og Fylkesmannen har gjennomført informasjons- og rettleiingssamlinger.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir etterlevde, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Kommunen er derfor adressat for denne tilsynsrapporten.

I tilsynsrapporten er det fastsett frist for retting av brot på regelverket som er avdekt under tilsynet. Fristen er 07.10.2016. Dersom brot på regelverket ikkje er retta innan fristen, vil Fylkesmannen i Møre og Romsdal vedta pålegg om retting med heimel i kommunelova § 60 d. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

2. Om tilsynet med Midsund kommune – Midsund skule

2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skolar

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen sine offentlege skolar, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd. Fylkesmannens tilsyn på opplæringsområdet er tilsyn med det lovpålagde, jf. kommunelova § 60 b. Fylkesmannens tilsyn med offentlege skolar er utøving av myndighet og skjer i samsvar med reglane for dette i forvaltningsretten.

I dei tilfella der Fylkesmannen konkluderer med at eit rettsleg krav ikkje er oppfylt, blir dette sett på som brot på regelverket, uavhengig av om det er opplæringslova eller forskrifter fastsett i medhald av denne lova som er brotne.

2.2 Tema for tilsyn

Temaet for tilsynet er skolebasert vurdering. Skolebasert vurdering er skolens jamlege vurdering av i kva grad eiga verksemد medverkar til å nå måla i Læreplanverket for Kunnskapssløftet. Vurdering av eiga verksemد inneber at skolen skal vurdere organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa.

I tilsynet vurderer vi om Midsund skule gjennomfører skolebasert vurdering i samsvar med føresetnaden.

Elevvurdering, skolebasert vurdering og nasjonal vurdering skal ein sjå i samanheng. Dei ulike formene for vurdering skal samla sett utfylle kvarandre og medverke til at den enkelte eleven blir motivert til å ta i bruk sine evner og anlegg, og at dei nasjonale måla for opplæringa styrer arbeidet i skolen (Stortingsmelding 47 1995-1996). Det overordna

¹ <http://www.udir.no/Regelverk/regelverk/tilsyn/>

skolen eit grunnlag til å reflektere og analysere heilskapleg i kor stor grad skolens elevar har nådd måla i læreplanverket.

Basert på denne refleksjonen må skolen velje tema for den skolebaserte vurderinga. Skolen skal sjå på område der skolen vurderer at endringar i skolens organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa kan fremje utvikling og utbytte av opplæringa hos elevane. Det vil seie endringar som kan auke elevane si måloppnåing. Val av tema må over tid ta vare på breidda av mål for opplæringa.

Skolen skal vurdere om endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til auka måloppnåing hos elevane i det valde temaet.

Den skolebaserte vurderinga skal identifisere kva for endringar som best kan auke måloppnåinga for elevane innafor det skolen har valt å sjå på i vurderinga. Måloppnåinga siktar her til alle måla i læreplanverket som inngår i det valde temaet, og ikkje berre faglege mål.

I kravet ligg det at skolen må vurdere endringar innanfor ulike rammevilkår for opplæringa, og i utgangspunktet ikkje berre velje å sjå på éin type tiltak. Endringar skolen kan vurdere, er nye tiltak som f.eks. oppstart av eit utviklingsarbeid. Skolen kan også vurdere om vidareføring av det som skolen allereie gjer, er det beste. Skolen må vurdere endringane for skolen som heilskap på systemnivå, sjølv om eventuelt konsekvensane av endringane i nokre tilfelle primært vil vise seg for enkelte klassar eller for enkelte fag.

Skolen skal følgje opp dei endringane som dei eventuelt kom fram til i den skolebaserte vurderinga.

Føremålet med den skolebaserte vurderinga er å syte for at skolen lærer og utviklar seg slik at elevane i enda større grad kan nå breidda av mål i læreplanverket. Når skolen gjennom vurderinga avdekkjer forbettingsområde, må skolen derfor følgje opp dette vidare. Endringane kan både vere at skolen set i verk nye enkelttiltak, eller at dei startar eit utviklingsarbeid. Skolen kan også komme fram til at dei berre vil oppretthalde og eventuelt forsterke det dei allereie gjer. I nokre tilfelle kan foreslårte endringar eller tiltak vere slik at det er nødvendig med ein dialog med skoleeigaren før tiltaka eventuelt blir sett i verk.

Skolen skal ha ein brei og representativ medverknad i arbeidet med skolebasert vurdering.

I ordet «skolebasert» ligg det at vurderinga må involvere alle berørte partar på skolen i både analysen og i arbeidet med endringar og tiltak på bakgrunn av analysen. Gjennom vurderinga blir personalet bevisstgjort på samanhengen mellom korleis opplæringa blir gjennomført, og i kva grad elevane når måla. Lærarane vil også vere sentrale i å gjennomføre dei fleste endringstiltaka. Å involvere lærarane er derfor viktig for at eventuelle tiltak skal lykkast. Skolen vurderer elles kven som skal delta ut frå tema som blir omhandla. Å involvere elevane og foreldra vil vere aktuelt i mange tema.

Skolen skal gjennomføre skolebasert vurdering jamleg.

Den skolebaserte vurderinga må utførast i samsvar med føresetnaden, jf. dei føregåande krava til gjennomføringa av vurderinga. Skolen må gjennomføre slik skolebasert

3.3 Fylkesmannens vurderingar

Vel skolen tema i den skolebaserte vurderinga basert på ei brei og samla vurdering av om elevane når måla i læreplanverket (LK06)?

Lærarar og rektor har alle svart ja på dette spørsmålet i eigenvurderingsskjema (heretter EVS). Både rektor og lærarar viser til same kjelder i svara sine der nasjonale prøvar, elevundersøkinga og eksamensresultat er kjeldemateriale dei brukar i vurderinga av elevanes måloppnåing. Andre døme på kjelder er grunnskolepoeng og Carlsteen test. Rektor gjer greie for at desse kjeldene sett i samanheng med skolen sin vurderingspraksis, har vore del av grunnlaget om å velje å delta i satsingane *vurdering for læring og ungdomstrinn i utvikling*.

Elevundersøkingane for 7.trinn og dei tidlegare lokale mobbeundersøkingane, var grunnlag for at skolen starta med PALS-prosjekt hausten 2011.

I dokumentasjonen er det lagt ved *Midsund skule – Aktivitetsplan 2015/16* som viser til felles aktivitetar som fjelltur, idrettsdag, skidag, balldag og Grundercamp (som dekker mål også frå den generelle del av LK06.)

Dokumentasjonen inneholder skjema for gjennomgang og evaluering av spesialundervisningselevar for 2014 og 2015 som mellom anna viser ressurstildeling, om elevane får det dei har krav på og behov for endringar. Til våren skal ein evaluere og gje forslag til endringar for neste skoleår.

Etter Fylkesmannen sin vurdering har skolen brukt eit kunnskapsgrunnlag som bygger på kjelder som gir resultat frå faglege mål, generelle mål og frå mål som omfattar trivsel og utvikling hos elevane på andre område enn dei faglege. Skolen vel tema på ei brei og samla vurdering av om alle elevane når måla i LK06.

Vurderer skolen om endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til auka måloppnåing hos elevane i det valde temaet?

Lærarar og rektor har svart positivt på spørsmålet i EVS. Ein lærar konkretiserer svaret sitt med at satsingane vurdering for læring og ungdomstrinn i utvikling samt evaluering av skoleåret, er endringar som kan bidra til økt måloppnåing hos elevane. Ein kontaktlærar viser til at ein har innført tolærarsystem, endra organiseringa og gjennomfører læringspartner der elevar jobbar ilag.

Rektor utdjupar med at skolen over tid har gjennomført eigenevalueringar av undervisningspraksis med utgangspunkt i dei fire prinsippa i «vurdering for læring», og at skolen har laga eigne mål ut frå dei. Kvart år har skolen så vurdert eigen praksis og danna grunnlag for fokus neste skoleår. Rektor gir døme på at skolen i 2014/15 hadde fokus på «elevmedverknad» etter resultat frå internevaluering av status samt resultata frå elevundersøkinga. Ved gjennomgang av dokumentasjonen ligg det føre skjema som bygger opp under svara. Elevundersøkinga for 2013-14 viser lågare skår på medverknad enn andre tema.

Skolen har sett i system ei oppfølging av elevundersøkinga med døme på kollegabasert arbeid frå 2014-15 der ein jobbar etter IGP-metoden dvs. individuelt, i grupper og i plenum. Opgåver som går ut på å identifisere gode og mindre gode resultat frå

Foreldre, elevar og dei ulike råda dei er representerte i som samarbeidsutval, skolemiljøutval og elevråd, er viktige deltakarar når det gjeld emne som særleg vedkjem dei. Det er viktig at elevar og foreldre ikkje berre får representert resultat, men kan få delta med innspel og forslag til tiltak der det er naturleg.

På bakgrunn av EVS og dokumentasjon finn Fylkesmannen at medverknad på alle nivå ikkje er godt nok ivaretatt i arbeidet med skolebasert vurdering. →

Gjennomfører skolen skolebasert vurdering jamleg?

Alle har svart positivt i EVS på spørsmålet. Lærar viser til at det er innlagt i årshjulet, og at det vert diskutert gjennom året. Rektor viser til at det kvart år vert jobba systematisk med nasjonale prøver, elevundersøkinga, resultat av standpunkt og eksamen som vist til tidlegare i rapporten. Resultata vert brukt til å styre kurs på utviklingsarbeid og behov for nye utviklingsarbeid. For å skape best mogleg læringsmiljø for elevane, blir organisering av elevgrupper og fordeling av ressursar jamleg evaluert. Dokumentasjonen bekreftar at det årleg og undervegs blir gjennomført skolebasert vurdering og det er dokumentert endringar som er gjort etter skolebasert vurdering.

Etter Fylkesmannens vurdering gjennomfører skolen regelmessig skolebasert vurdering.

3.4 Fylkesmannens konklusjon

Midsund kommune – Midsund skule har ikkje oppfylt alle krava i regelverket når det gjeld skolebasert vurdering, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1.

4. Frist for retting av brot på regelverket

Fylkesmannen har i kapittel 3 konstaterat brot på regelverket. I denne rapporten får Midsund kommune frist til å rette brot på regelverket, jf. kommunelova § 60 d.

Frist for retting er **07.10.2016**. Kommunen må innan denne datoene sende Fylkesmannen ei erklæring om at brotet på regelverket er retta, og ei utgreiing om korleis brotet er retta.

Dersom brot på regelverket ikkje er retta innan den fastsette fristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

Følgjande pålegg er aktuelle å vedta etter utløpet av rettefristen i denne rapporten:

Skolebasert vurdering

1. Midsund kommune må syte for at Midsund skule jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1.

Midsund kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Skolen følgjer opp dei endringane som dei kom fram til i den skolebaserte vurderinga.
- b. Det er brei og representativ medverknad i arbeidet med skolebasert vurdering.

Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget

Følgjande dokument inngår i dokumentasjonsgrunnlaget for tilsynet:

- Eigenvurdering av regelverksetterleiving frå rektor og 4 lærarar frå Midsund skule
- Diverse evalueringar av Nasjonale prøvar Midsund skule. Ansvarsfordeling og oppgåver
- Oppsummering eigenevaluering 2015-16: Tall og statistikk Midsund skule
- Eksempel evaluering av Elevundersøkinga Midsund skule og oppføljing av undersøkinga
- Ståstedsanalyse Midsund skule Fase 2, 2014
- Eigenvurderinger og kartleggingar i samband med satsinga vfl 2014/2016
 - Vurdering for læring-Eigenvurdering ved skuleslutt, sommaren 2015 mal og utfylt skjema
 - Halvårsplan-Vurdering for læring- 2014/2015
 - Vurdering for læring- Midsund skule-Evaluering sommar 2014
 - Vurdering for læring- 2014/2015 med mål og forslag til korleis arbeide med vfl
 - Vurdering for læring haust 2015 – mal for status hausten 2015
- Evalueringsskjema kontaktlærarar: Malar for ressurstildeling og organisering av elevar med behov for spesialpedagogisk hjelp hausten 2014 og 2015, og malar som evaluerer skoleåret for desse elevane våren 2015 og 2016
- Kollegarettleiing Midsund skule 2014/2015 og mal for observasjonsskjema- vfl
- Aktivitetsplan Midsund skule 2015-2016
- Framdriftsplan september 2015 for Rekning i alle fag



FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL


Saksbehandlar, innvalstelefon

Rådgivar Jorunn Øen Nesje, 71 25 85 65

Vår dato
08.08.2016
Dykkar dato

Vår ref.
2016/1547/JONE/631.0
Dykkar ref.

Midsund kommune
Utsidevegen 131
6475 MIDSUND



Oversending av endeleg tilsynsrapport - frist for retting

Fylkesmannen i Møre og Romsdal sende 21.06.2016 førebels tilsynsrapport til Midsund kommune. Den førebelse tilsynsrapporten var eit førehandsvarsle etter forvaltningslova § 16. Midsund kommune fekk frist for å uttale seg til den førebelse rapporten innan 08.07.2016.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ikkje mottatt fråsegner til den førebelse tilsynsrapporten frå Midsund kommune.

Vedlegget i dette brevet er den endelege rapporten frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal sitt tilsyn med Midsund kommune. I tilsynsrapporten har kommunen fått frist til å rette brot på regelverket som er avdekt i tilsynet, jf. kommunelova § 60 d. Fristen er 07.10.2016. Innan denne fristen må Midsund kommune erklære til Fylkesmannen i Møre og Romsdal at det ulovlege forholdet er retta og gjere greie for korleis dette er retta.

Dersom brot på regelverket ikkje blir retta innan 07.10.2016, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting med heimel i kommunelova § 60 d.

Fylkesmannens vurderingar og konklusjonar kjem fram av den vedlagde tilsynsrapporten.

Med helsing

Silje Reinaas (e.f.)
fagkoordinator

Jorunn Øen Nesje

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg: Endeleg tilsynsrapport



Midsund kommune

Rådmannen

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 Molde

Vår ref:
2016/146-5/

Deres ref:

Saksbehandlar:
Siv Janne Håseth-Eik

Arkivkode: A20 Dato
17.11.2016

Svar-endelig tilsynsrapport med frist for retting etter tilsyn på skulebasert vurdering ved Midsund skule

Midsund kommune ønsker å tilby elevane ved Midsund skule jamleg vurdering i kva grad Organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsatt i Læreplanverket, jf. Opplæringslova § 2-1.

Den endelige rapporten frå Fylkesmannen seier at Midsund kommune må sjå på:

- Skulen følgjer opp dei endringane som dei kom fram til i den skulebaserte vurderinga.
- Det er ei brei og representativ medverknad i arbeidet med skulebasert vurdering.

Midsund skule arbeidar målretta og dei følgje opp dei endringar som kjem fram i den skulebaserte utviklinga, og dei følgje opp tiltaka på ein god måte.

Det var rektor sjølve som pekte på i si tilbakemelding til tilsynet at skulen har eit forbetringspotensiale i å arbeide meir målretta mot foreldremedverknad og medverknad frå elevar/lærarar i forhold til skulebasert utvikling. Dette arbeidet er i gang på skulen. Det er også halde jamlege rektormøter, der nasjonale prøver vil være eit av tema.

Midsund kommune meiner desse avvika er lukka ut i frå dei rutinar og dokumentasjon skulen har og måten dei har planlagt å gjennomføre vidare arbeid på dei områda som måtte sjåast nærrare på i følgje Fylkesmannen.

Med helsing

Siv Janne Håseth-Eik

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Unnateke offentlegheit jf.
Offentleglova § 13 og
Forvaltningslova § 13

Kontrollutvalet i
Midsund kommune

Dato: 06.12.2016

**SAK 16/16
GJENNOMGANG AV TILSYNSRAPPORT HELSE-OG OMSORGSTENESTENE, B-
SAK**

Som vedlegg følgjer:

- Tilsynsrapport

I ein tilsynsrapport frå 24.05.2016 frå fylkesmannen Kjem følgjande avvik fram:

Midsund kommune har ikkje eit system somsørgjer for at sakshandsamingsreglane blir følgt ved gjennomføring av tvangstiltak.

Ei orientering i møtet om status for avviket er ønskjeleg. Forøvrig viser eg til vedlagte rapport. I tilfelle nye opplysningar kjem fram i møtet, blir det ikkje lagt fram forslag til vedtak.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Midsund kommune

Dato: 06.12.2016

**SAK 17/16
EIGENVURDERING AV UAHENGIGHEIT FRÅ REVISOR**

Som vedlegg følgjer:

- Brev frå kommunerevisor, datert 25.01.2016

I følgje forskrift om revisjon § 15, jf. kommunelova § 79, skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, utarbeide ei skriftleg eigenvurdering av si uahengigheit til kontrollutvalet.

Krav til uahengigheit og objektivitet gjeld også for oppdragsansvarleg revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarleg revisor som legg fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Oppdragsansvarleg revisor og medarbeidarar på oppdraget skal vere uahengige. Dei kan ikkje ha ei tilknyting til kommunen som svekker deira uahengigheit eller objektivitet i gjennomføringa av revisjonen. Dette medfører m.a. at dei ikkje kan:

- Inneha andre stillingar, eller vere medlem av styrande organ, hos kommunen eller verksemd som kommunen har økonomisk interesse i;
- «delta i eller ha funksjonar i» anna verksemd, dersom dette er i konflikt med rolla som revisor for kommunen.

Det blir elles vist til vedlagte erklæring punkt 1-8, som blir lagt fram for kontrollutvalet utan nærmare kommentarar.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

Til kontrollutvalget

i Midsund kommune

Vurdering av uavhengighet

Innledning

Ifølge forskrift om revisjon § 15 skal oppdragsansvarlig revisor minimum hvert år avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

Krav til uavhengighet og objektivitet gjelder også for revisors medarbeidere, men det er kun oppdragsansvarlige revisorer som plikter å legge fram en skriftlig vurdering for kontrollutvalget. I Komrev3 IKS revisjonsplaner vil vurdering av uavhengigheten til hver enkelt revisor i kommunens revisjonsteam inngå som et eget punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarlig revisors skriftlige egenvurdering skal ligge som et vedlegg til dette punktet.

Både kommuneloven (§ 79) og forskrift om revisjon (kap. 6) setter krav til revisors uavhengighet. Kravene er nærmere beskrevet nedenfor.

Lovens og forskriftens krav til uavhengighet

I flg. Kommuneloven § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som foretar revisjon ikke:

1. være ansatt i andre stillinger i (fylkes)kommunen eller i virksomhet som (kommunen deltar i)
2. være medlem av styrende organer i virksomhet som (fylkes)kommunen deltar i
3. delta i, eller ha funksjoner i annen virksomhet, når dette kan føre til at vedkommendes interesser kommer i konflikt med interessene til oppdragsgiver, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til den som foretar revisjon
4. ha nærtstående (ektefelle, samboer, nære slektninger), som har slik tilknytning til revisert at det kan svekke revisors uavhengighet og objektivitet.

I tillegg stiller loven § 79 og forskriften § 14 følgende begrensninger:

5. revisor kan ikke utføre rådgivnings- eller andre tjenester der dette er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet
6. revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den revisjonspliktiges, dvs. kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver
7. revisor kan ikke opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstolloven
8. det må ikke foreligge andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av revisjonsoppgavene

Revisors egenvurdering av punktene ovenfor

Pkt. 1: Ansettelsesforhold	<i>Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i revisjonsselskapet.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrende organer	<i>Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i noen virksomhet som kommunen deltar i.</i>

Pkt. 3: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit	<i>Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Undertegnede har ikke nærstående som har tilknytning til Midsund kommune som har betydning for min uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors habilitet	<i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes rådgivnings- eller andre tjenester overfor Midsund kommune som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.</i> <i>Før slike tjenester utføres av Komrev3 IKS foretas en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art i forhold til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med bestemmelsen i forskriften § 14, skal revisor ikke utføre tjenesten. Hvert enkelt tilfelle må vurderes særskilt.</i> <i>Revisor besvarer daglig spørsmål/henvendelser som er å betrakte som veiledning og bistand og ikke revisjon. Paragrafen sier at også slike veiledninger må skje med varsomhet og på en måte som ikke binder opp revisors senere revisjons- og kontrollvurderinger.</i>
Pkt. 6: Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver	<i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes tjenester overfor Midsund kommune som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontolloppgaver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Undertegnede bekrefter at verken revisor eller Komrev3 IKS for tiden opptrer som fullmektig for Midsund kommune.</i>
Pkt. 8: Andre særegne forhold	<i>Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tillitten til min uavhengighet og objektivitet.</i>

Ålesund, 25. januar 2016

Kjetil Bjørnsen

Oppdragsansvarlig revisor Midsund kommune

KOMMUNEREVISJONSDISTRIKT NR. 3
I MØRE OG ROMSDAL